# DET NORSKE TEATRET



C. 15g 11894

THAU

# En forfriskende pause




DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi

Jarlsberg Mineralvann A/S

C 15g 111894



Restaurant

# FRASCATI

med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets
Vis-à-vis
Nationaltheatret




# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70

**Brann- og annen skadetrygd**

Kombinert trygding - Nyverdetrygding

# „MAMMA ER STA"

(Roots)

Skodespel i 4 bilete av ARNOLD WESKER.

Til norsk ved
JO ØRJASÆTER

Regi
FINN KVALEM

| | |
|---|---|
| dekor | SNORRE TINDBERG |
| regiassistent | ROLF SAND |
| kostyme | RANDI SKAHJEM |
| inspisient | PAAL RIEBER |

SESONGEN 1963/64

Program-omslag: Olaf Thrap-Meyer

Walter Jacobsen a·s
MODELL KONFEKSJON
Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

## Cardinal

**Stedet for god mat!**

Elisenbergvn. 11 – Tlf. 44 55 22

- SNITTER OG SMØRBRØD
- VARMT OG KOLDT
- KOLDTANRETNINGER

*VI ARRANGERER ALT HJEMME – ELLER I DERES BEDRIFT*

Abonnér på

# DAG OG TID

den nye vekeavisa for kommentar og debatt

Bladpengar: Kr. 44,— pr. år, kr. 22,— pr. halvår og kr. 11,— pr. kvartal

Adresse: Akersgt. 7 IV – Postgiro 308 02



Arnold Wesker.



Regi: Finn Kvalem. — Dekor: Snorre Tindberg.

# Hønsesuppetrilogien

Vi har ei sint ung kvinne for oss i kveld, Beatie Bryant — skapt av ein sint ung kokk, Arnold Wesker. Dei er arbeidarar, dei er misnøgde og dei skuldgjev: samfunn? — foreldre? — styresmakter? Nei, til slutt freser Beatie: «Det er vår eiga fordømte skuld!»

Endeleg!

Det er lett å skuldgje. Og då stormbylgja frå sinte unge menneske braka innover engelsk kulturliv fyrst i 50-åra, var der mykje å gå til åtak på. Eit veletablert samfunn på veg mot oppløysing, — arbeidsløyse, institusjonar som slo sprekkar. Det utlevde, det komiske gamaldagse, det fastkøyrde grein mot alle som iddest sjå. Nokre diktarar såg. Og dei sa ifrå.

Dei reiv ned, vrengde ut baksidene, bombarderte eit frydefullt publikum med steinar frå den aukande ruinhaugen. Øvst på denne fyrste «sinte» bylgja reid John Osborne og hans helt Jimmy Porter i «Se deg om i vrede»: Ei systematisk nedrakking av det engelske samfunnet, gneistrande og klårt skrive, men stykket slo òg ned som ei bombe over mesteparten av Vest-Europa. Det neste skodespelet av Osborne, «Gjøgleren,» var om mogeleg endå meir hardhendt og grelt. Eit anna skodespel ein hugsar frå denne perioden, er «En smak av honning» av Shealagh O'Delany, og filmar som «Rom på toppen» eller «Lørdag kveld og søndag morgen».

Dette var sosial dikting, ram og realistisk. Det er klårt at dei nye skodespela måtte setja ny krav til teatret òg. Det «folkelege» miljøet diktarane skildra, var ei utfordring til den nokså konvensjonelle spelstilen i West End. Men vi ser at engelsk scenekunst veks seg rikare og sterkare i desse

Framhald side 11.



Frå venstre: Jimmy Beales — Ola B. Johannessen, Beatie — Bjørg Vatle,
Stan Mann — Lars Tvinde.

Framhald frå side 9.
åra. Ein heil generasjon av nye talent var med på å skapa originale, fullverdige framsyningar.

Grunnen var såleis vel førebudd for den unge dramatikaren som debuterte i 1959 — Arnold Wesker. Han vart fødd i Londons East End i 1932. Både i oppvoksteren og som vaksen hadde han fylgt med i lagnaden og utviklinga til arbeidarane. Politisk aktivitet var ein del av daglegIivet åt familien. Han prøvde mange slags arbeid, las og studerte utan å få særlege eksamenar, men så gjekk han inn for å bli kokk. Etter ei tid i dette yrket byrja han på forfattarlina ved Filmskulen før han debuterte med «Hønsesuppetrilogien». Det vart straks klårt at her var ein ny diktar av uvanleg format. **«Mamma er sta»** vart helsa som det beste og sannaste skodespel nokon hadde skrive om engelske arbeidarar.

I alle skodespela Wesker hittil har skrive, merkar vi sjølvbiografiske drag. Vi kjenner han att som den unge, kjenslevare kokken i «Kjøkkenet», ei skildring av livet bak fasaden i ein stor restaurant. Vi finn han i «Chips with everything» — den bitre harsellasen over RAF. Kjennskapen til det landsens miljø han skildrar i kveld, har han skaffa seg som jordbruksarbeidar.

Vi kjem Wesker nærast i trilogien vi har for oss her: «Hønsesuppe med bygg», «Mamma er sta» og «Eg snakkar om Jerusalem». Her fylgjer han ein arbeidarfamilie frå 1936, gjennom krigen og fram til vår tid. Khan heiter dei, innvandra jødar frå Ungarn, aktive kommunistar frå fyrst av. Men utviklinga tærer på deira krefter og tru. Hønsesuppa blir etter kvart eit symbol på den åndelege og fysiske kraft mora prøver å tilføre familien sin. Ho er den siste på skansen då heile resten av familien har gjeve opp trua på kampen,

Framhald side 17.

LYTT TIL

## *Norsk folkemusikk*

**innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.**

Utgitt på RCA grammofonplater

**I samarbeid med Norsk Rikskringkasting**
**Til salgs hos musikkhandlerne**

# WILLEM II

## SIGARER




*Først blant de beste*

Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S



Frå venstre: Beatie Bryant — Veslemøy Haslund, Jenny Beales — Ingebjørg Sem.

**S. BRUUN**

Nils Juelsgt. 27
Telefon 44 03 84

*Lamper — Skjermer — TV*
*Elektriske apparater m. m.*

SKOG-EIEREN

**Ei framtidsnærings andlet mot samfunnet, — eit blad som og vert lesen av mange utanfor skogbruksnæringa. Opplag: 54 000. Kr. 20,— pr. år.**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

Valkyrien Skotøymagasin A/S

Valkyrjegt. 3 - Oslo Telefon 46 34 64

MIDT PÅ KARL JOHAN

**BØNDERNES BANK A/S**

EGERTORGET - OSLO

**Reisevaluta ekspederes raskt og greitt**

**Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker**



Frå venstre: Fru mamma Bryant — Dagmar Myhrvold, Beatie — Veslemøy Haslund.





Framhald frå side 11.

då dei konservative vinn parlamentsvala på nytt og folk flest gjev blaffen i politikk. Ein merkar heile tida den dialektiske treninga Wesker har, når han rekkjer opp tråden og viser årsakene til forfallet i arbeidarrørsla. Han har gjeve eit nokså ironisk portrett av seg sjølv i Ronnie Khan, hovudpersonen i verket: — Ei ung diktarspire som veks opp etter krigen, utan særleg orden på seg sjølv, flagrande frå jobb til jobb, men fast i si tru på sosialisme og framgang. Til dess hendingane i Ungarn slår grunnen under alt han har bygt på. Han vaknar opp og ser verda med nye augo. Utan fotfeste, tvilande og negativ hamrar han laus på alt og alle rundt seg. — Ein sint ung mann av godt gamaldags merke. Men så blir trongen til menneskeleg kontakt og samkjensle alt sterkare. «Eg hata kjøkkenet,» seier han ein stad, — folk kom og gjekk, og tok seg ikkje tid til å forstå kvarandre.»

I **«Mamma er sta»** spøkjer han heile tida i bakgrunnen. Endå om han ikkje viser seg på scena, er det Ronnie som driv handlinga framover — gjennom Beatie. Ein kan for så vidt seia at dette stykket er eit slag mellomspel i trilogien. Eit illustrerande mellomspel. Her møter vi «dei andre» — «folket», som Khan-familien snakkar om. Folket, som har svikta i kampen, som har slått seg til ro med ein auke i levestandarden. Men òg det folket som ikkje har fått politisk trening, som ikkje er klassemedvite, bortsett frå eit slag sosialt hat oppover. «Eg har gjeve eit grelt bilete av desse

Framhald side 29

---

**Øvst til venstre:**

— Sosialisme, det er ikkje å snakke heile tida, det er å leva, det er å syngje, det er å danse, det er å vera interessert i det som hender kring deg, det er å interessere seg for menneske og for heile verda.

**Nedst til venstre:**

— Sjå jå a. Såvidt innom døra bare, og der sit a med Donald.

— Er det kje rart. Ikkje før er eg heime før eg blir som da eg var jentunge att . . . Eg gjer dei same gamle idiotiske tinga som før, og snakkar på same måten. Er det kje rart!

# „MAMM

(F

Skodespel i 4 bilete

Til norsk ved

Dei som er med:

BEATIE BRY

JENNY BE

JIMMY BEALES, SVO

FRU BRYANT, /

BRYANT,

FRANKIE BRYANT, B

PEARL BRYANT, SVIGERI

STAN MANN, EIN GRA

HEALY, GODSSTY

**Pause et**

***Hovedrollen***

***blant brannsikre skap*** . . . . . .

**Pris fra kr. 539,00**

A ER STA"

oots)

av ARNOLD WESKER.

JO ØRJASÆTER

| | |
|---|---|
| ANT | Veslemøy Haslund<br>Bjørg Vatle |
| ALES | Ingebjørg Sem |
| GER | Ola B. Johannessen |
| MOR | Dagmar Myhrvold |
| FAR | Øyvind Øyen |
| ROR | Rolf Sand |
| NNE | Elsa Lystad |
| NNE | Lars Tvinde |
| RAR | Einar Wenes |

regi FINN KVALEM

**ter 3. bilete.**


. . . . . . . . . . . . . JÖLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

# REPLIKKAR OM POLITIKK FRÅ DEI TRE SKODESPELA:

Sarah Khan: Politikk er å leva, Bessie. Eg meiner at alt som hender i verda har med politikk å gjera.
Eg er kommunist. Skyt meg, men det har eg alltid vore! Då du var liten og det var arbeidsløyse, då var alle kommunistar. Men no har folk gløymt. Gje dei nokre shilling i banken så dei kan kjøpe TV, så trur dei at alt er over, ein kan ikkje få meir, dei treng ikkje tenkje lenger!

Monty: Trur du nokon gong Sarah har lese ei bok om politisk økonomi? Gud velsigne henne! — einkvan fortalde henne at sosialisme er lykke, og så gjekk ho inn i Partiet. Du finn ikkje mange som Sarah i dag.
Alt var så enkelt før krigen. Alt som hindra deg i å vera lykkeleg eller å eta, var kapitalismen si skuld. — Men hugsar du Spania? Hugsar du korleis gutane i Partiet nekta å slåst saman med trotskyistane? Hugsar du dei to trotskyistane som ikkje kom heim att? — og dei vart ikkje drepne i krigen! Nå har eg ei lita forretning. Eg er ikkje kapitalist, men eg greier meg bra.

Ada Khan: Det militære øydela alle dei illusjonane Dave kan ha hatt om den strålande og heroiske arbeidarklassa. Borte frå heimen oppførde dei seg som dyr. Dei **ville** rett og slett koma vekk frå konene sine for å få oppføre seg som dyr. Gje dei ein ny krig, så stikk dei av på nytt.
Det var ikkje trotskyistane, det var ikkje sosialdemokratane som øydela alt. Det var den såkalla **framgangen.** Ingen våga å slåst mot den. — Når Dave kjem heim, reiser vi frå London og bur på landet. Det bli vår sosialisme.

Dobson: Set i gang! Snu opp ned på verda slik at alle får eit arbeid dei likar, slik at alle kan få «utfalde» seg. Berre set i gang! Lykke for alle? Kjøss meg!

Bryant: Det er som eg seier, blir løna pålagd, set dei ein eller annan på porten.
Fru Bryant: Fagforeiningsbladet er kome.
Bryant: Eg vil ikkje ha det drittbladet.
Beatie: Åffer gjer de ikkje noko for å hindre det?
Bryant: Åssen kan vi hindre det? Dei er harde som flint!

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO

Ronnie: Nei så pokker! Sosialisme, det er ikkje å snakke heile tida, det er å leva, det er å syngje, det er å danse! Det er å vera interessert i det som hender kring deg, det er å interessere seg for menneske og for heile verda!

Beatie: Heile denne fordømte kommersialiserte verda krenkjer oss, og vi takkar og er glade til. Vi vil ha bånnfallet, og det har vi fått!

Jimmy Beales: Kom heim når du vil, og velkommen skal du vera, men dra ikkje politikk med deg inn i huset — det blir det berre bråk av! At du veit det!

*Thoralf Vik*

*Bygg- og tømmermester*

Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.
Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

*Spesialforretning i TV - radio*

**Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.**

*GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder.*

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/s**

*Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37 **

**Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 67 98 75**



*Skreddersydde klær*

bli de *billigste* i lengden. *Gratis* får De velværet ved å ha klær som førsteklasses håndverkere har laget nettopp for Dem.

**Ring meg, eller kom innom.**

**Håkon Overås**

**SKREDDERI**

TLF. 42 63 74 41 31 43

FR. NANSENS PL. 9

VED RÅDHUSET

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

*Finmekanikk*

Skogveien 17

Telefon 44 32 14



*Inger-Lise Haug:*

*Vakrere ben i*

ULTRALYD *nylons*

*daniela*

DEN MODERNE STRØMPEN MED SÆRPREG

NÆRMESTE FORHANDLERE OPPGIS VED IMPORTØRER

*Vold-Johansen & Goplen*

AKERSGT 59, OSLO 1 — TLF. 33 20 08



Pappa Bryant — Øyvind Øyen, Healy — Einar Wenes, Beatie — Bjørg Vatle og mamma Bryant — Dagmar Myhrvold.



**Det lyser opp**

**i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle. *Begynn med brodering, en kongelig hobby.***

**RANDI MANGEN & CO**

***SPESIALFORRETNING I BRODERIER***

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

# NASJONAL-KAFEÉN

Keysersgt. 1. Telefon 33 21 49

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat — Rimelige priser — Selskaper mottas — Lokaler utleies**

*Eit av dei vakraste merke me hev,*
*det løner med signing det ærlege strev,*
*Munner det mettar, tryggleik det gjev.*

KORNBANDET

*Moderne damer*

**foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i**

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

**Kle Dem riktig — det er viktig.**

HELNOR **Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06**

RESOLUSJON 42

«Det er vårt ynske at alle menneske skal ha same sjansen til å nyte venleiken og rikdomen i livet i alle skiftande former. For mykje av det som er verdfullt, blir forflata og vulgarisert av dei som har hand om masseunderhaldninga. Vi trur at Kongressen vil vera med oss når vi hevdar at vi avviser idéen om at kulturen berre skulle vera til for ein opplyst intelligensia, og at kva gamalt søppel som helst er godt nok til massane.»

RALPH BOND

Medlem av Fagforeininga for kino- og fjernsynsteknikarar — til Fagforeinings-kongressen.

**Vedtak i Fagforeinings-kongressen, Isle of Man, september 1960:**

Kongressen vil streka under kor viktig kunsten er i samfunnslivet, og reint særskilt no då mange fagforeiningar arbeider for ei kortare arbeidsveke og meir fritid for medlemene sine. Det står fast at fagrørsla berre i liten mon har vore med å beinveges fremja skodespel, film og musikk, litteratur og andre kunstnarlege uttrykksformer, medrekna slikt som har verde for det vi trur på og dei prinsipp vi hevdar.

Kongressen meiner at mykje meir kunne gjerast og oppmodar difor representantskapet om å granske denne saka særskilt og koma med framlegg til ein framtidig kongress med sikte på å tryggje større medverknad og aktivitet frå fagrørsla si side i alle greiner av kulturlivet.

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 – Telefon 37 60 26

*Førsteklasses arbeide garanteres*




*Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer*
*og presanger for hele familien.*

**„STAR"**

Karl Johans gate 4 ved Jernbanetorget.

---

# *En trykksak*

**som De og Deres forbindelse vil like, får de fra meg.**

RAGNAR BRYDE

***Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri***

**Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.**

---

**OBS!**

*Vi ordner alt i selskapsmat*
*Spesialiteter: smørgåsfat — koldfat — lørdagsfat*

Lørenvangen 39
Økern

**RUNE'S**
**HJEMMESELSKAP**

Telefon
21 49 73

## EIN SUNN REVOLUSJON

Om du lagar ein oppreist: gjer det for moro
gjer det ikkje i skremmeleg alvor
gjer det ikkje i dødsens alvor
gjer det for moro.

Gjer det ikkje for di du hatar folk
gjer det rett og slett for å spytte dei i fjeset
Gjer det ikkje for pengar
gjer det, og bli dømd til pengar.

Gjer det ikkje for likskaps sak,
gjer det for di vi har fått for mykje av likskap
og det ville vera moro å riste litt i eplekarten
og sjå kva veg epla valde å trille av stad.
Gjer det ikkje for arbeidarklassen.
Gjer det så at vi alle saman kan bli ørlite av eit
aristokrati for oss sjølve
og slå hælane i lufta som glade esel nyleg
sleppte fri.
Gjer det ikkje på sett eller vis for internasjonal
arbeidarrørsle,
Arbeid er det einaste ein stakkar har for mykje av
La oss avlyse arbeidet, la oss ha gjort det av med
arbeidet!
Arbeid kan vera moro, og folk kan like det; då
er det ikkje arbeid
La oss gjera det så! La oss laga ein revolusjon for
moro!

D. H. LAWRENCE, ROMANFORFATTAR, ESAYIST OG LYRIKAR. FØDD I NOTTINGHAM 11. SEPTEMBER 1885. SON TIL EIN GRUVEARBEIDAR.



Beatie — Bjørg Vatle, pappa Bryant — Øyvind Øyen.

Framhald frå side 17.

folka,» seier Wesker i føreordet til stykket, «men eg er eitt med dei. Eg er berre så misnøgd med dei og med meg sjølv.» Han viser oss at denne sumpen ikkje er det naturlege element for desse menneska. Dei har ressursar til noko meir og betre, — slumrande, frodige krefter til eit rikare liv. Men kvar har førarane deira vore, lærarane, diktarane deira?

Ronnie vil vera ein slik vegvisar for si eiga klasse. Gjennom Beatie merkar vi dei flagrande, «sinte» og nokså uorganiserte reformtankane hans. Til tider velgjerande skarpe og klåre. Han søkjer seg fram, — det gjer Beatie òg, på sin eigen, merkeleg personlege måte. Og Beatie Bryant blir det einaste mennesket i trilogien som står sterk og heil til slutt. Ho kjem levande frå alt saman, fordi ho har sunt bondevett — og ser sitt djupe elende: ho har ikkje røter nokon stad, — ingen kan hjelpe henne. Det blir å ta fatt sjølv. Medan Ronnie avsluttar det siste skodespelet der han sukkar: «Kvifor græt vi, — å kvifor græt vi!» — kan ein liksom høyre Beatie svara: «Det er vår eiga fordømte skuld!»

Er no situasjonen så mørk som Wesker målar han? England er eit stort land, med gamle tradisjonar til godt og vondt, og vi må vel slå fast at dei tendensane han gjer oss vis med, er syrgjeleg aktuelle for heile den vestlege verda i dag, særleg det åndelege tomrommet han understrekar så sterkt.

Innanfor sin diktargenerasjon er Wesker velgjerande positiv! Han skriv ikkje med kald vanvørdnad, han vil ha seg og sine ut or uføret. Sjølv har han teke konsekvensen av dette, og skapt «Center 42», ein organisasjon som freistar å spreie litt glede og litt åndsliv til ungdomen rundt i England. Som Ronnie seier: «Ein kan ikkje vekkje folk berre med å halde talar, men kanskje ein kan hjelpe nokon som står ein nær.» Det er det Wesker freistar: hjelpe nokre få, så kanskje dei kan laga ringar i vatnet.

**Finn Kvalem.**

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

**GJENSIDIGE**

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

*Likar De å følgje med?*

**Få syn for segn les**

SYN OG SEGN

*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1.

**det norske samlaget** Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

er flyttet til

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*



Beatie — Veslemøy Haslund, Peral Bryant — Elsa Lystad, Frankie Bryant — Rolf Sand.

## NATIONALTHEATRET

«KEISER AV AMERIKA»
av Bernhard Shaw
Regi: Ellen Isefiær

«HVEM ER REDD FOR WIRGINIA WOOLF»
av Edward Albee
Regi: Arild Brinchmann

«MARIA STUART»
av Friedrich von Schiller
Regi: Heinrich Koch

«REISEN TIL JULESTJERNEN»
Barnekomedie
av Sverre Brandt
Regi: Jørn Ording

## AMFISCENEN

TRE ÉN-AKTERE
av Kafka — Berset — Fo
Regi: Jørn Ording

FIRE ÉN-AKTERE
av Tennessee Williams
Regi: Per Bronken

FIRE ÉN-AKTERE
av Becket — Ionesco — Dorst
Regi: Arne Thomas Olsen

## OSLO NYE TEATER

«SE, MEN IKKE HØRE»
Dobbeltkomedie av Peter Shaffer
Regi: Jens Gunderssen

«BALKONGEN»
Av Jean Genet
Regi: Ellen Isefiær
Dekor og kostymer: Guy Krohg

## BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen

«JORDEN RUNDT PÅ 80 DAGER»
Regi: Thorleif Reiss

## DEN NORSKE OPERA

.. «BARBEREN I SEVILLA» ..
Opera av Gioacchino Rossini
Regi: Einar Beyron
Dirigent: Arvid Fladmoe

«LA BOHÈME»
Opera av Giacomo Puccini
Regi: Einar Beyron
Dirigent: Arvid Fladmoe

«CARMEN»
Opera av Georges Bizet
Nyinnstudering ved Einar Beyron etter
Ivo Cramérs regi
Dirigent: Arvid Fladmoe

BALLETTPROGRAMMET
«STREET GAMES»
«SVANESJØEN» (2. akt)
«DEN VIDUNDERLIGE MANDARIN»
av Walter Gore Petipa/ Ivanov, Alan Carter
Dirigent: Bryden Thomson

## *Ingen heim utan hage*

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar 15 kroner for året i medlemspengar. Alle medlemer får tilsendt tidsskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minneliste for hagedyrkere».

**DET NORSKE HAGESELSKAP**

MOTZFELDTSGT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86



ALT I SKILT OG GRAVERING

ALT I STEMPLER OG
STEMPLINGSMASKINER

GÅ TIL SPESIALFORRETNINGEN:

**Johs KROGSTIE A/S**

GRAVØR — STEMPELFABRIKK

Storgaten 9 - Oslo - Telefon 33 73 08 - 33 58 31

Norsk Skilt-Gravering

*Innehaver Bjørn Nilsen*

OSLO – Pilestredet 43 – Telefon 60 62 15

***Spesialverksted for alle slags graverte skilter***

*Fasadeskilter og lysarrangementer*


# PÅ SPELPLANEN I VÅR:

«HERR PUNTILA OG DRENGEN HANS»

av Bertolt Brecht

Ein kraftig komedie med den finske godseigaren Puntila, hans tenar Matti og dottera Eva i sentrum. Ein mangslungen herre kan Puntilaen vera når han er våt — innvortes, og det er han oftast: verre blir det for hans nærmaste o. a. når han er i det unormale tilstand, når han har sine fryktelege edruskapsrier.

Puntila: Hans Stormoen. Eva: Liv Ullmann.
Matti: Joachim Calmeyer. Regi: **Peter Palitzsch.**

«ANNIE GET YOUR GUN»

Gamle, gode, spretne Annie kjem opp i ny oppsetjing — og avsluttar sesongen. I tittelrolla får vi sjå — og høyre! — **Sølvi Wang,** som frå og med denne rolla er fast knytt til Det Norske Teatret.

Regi og koreografi: Ivo Cramér.

Billettar til Det Norske Teatret får de òg kjøpt i Narvesens kioskar


**JOHANSEN & NIELSEN**

**BOKTRYKKERI**

**Pilestredet 45. b, Oslo**

**Sentralbord 60 1795**

**Alltjenest Rengjøringsbyrå**

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottaes*

**Eugenie Støttums Blomsterforretning**

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

**Norges Kjøtt- og Fleskesentral**

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt, livdyr, ull, huder og skinn

*17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer*

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgt 8

**Kaffistovene**

Rosenkrantzgt. 8 — Stortorget 3

Kr. Augustsgt 14 — Storgt 28

OSLO

Repress Reklamebyrå, Oslo

Johansen & Nielsen Oslo

